

# Hei foreldre!

**Vi har meldt oss på Telysjakten**, ein konkurranse om attvinning av aluminium for alle barneskular og barnehagar i heile Noreg. Konkurransen går kort og godt ut på å samle så mange brukte telyskoppar ein berre kan; heime, på skulen, hjå naboen eller på kafeen – telje dei og levere dei inn på eit returpunkt for metallattvinning.

Kvart år bruker vi nordmenn nemleg millionar av telys for å skape kos og hyggje heime. Når lysa har brunne ned, vert dei gjerne kasta i søpla. Dette er jo sløsing med verdifulle ressursar! For det ikkje så mange veit, er at telyskoppene er laga av aluminium og derfor kan attvinnast om og om igjen til nyttige ting som til dømes sykklar og leikestativ. Attvinning av aluminium har eit energiforbruk på berre 5 prosent samanlikna med framstilling av heilt ny aluminium.

Telysjakten skal vere morosam, men vi som er med, skal òg lære noko. Medan vi jaktar på brukte telys, skal vi mellom anna lære om krinsløp, attvinning, energi, klima og aluminium. Samstundes gjer vi noko bra for miljøet!

Sidan oppstarta av Telysjakten har ti-tusenar av skuleborn over 20 millionar brukte telys. Det var helt superfantastisk, så derfor atvinnast konkurransen for tredje gong. Telysjakten startar den 1. november og avsluttast den 31. januar.

Det skal kårast 19 fylkesvinnarar, ein barnehagemeister og ein noregsmeister i Telysjakten. Vinnarane vil få fine premiar. Alle deltakarene vil få ein liten premie, for her er alle vinnarar – nemleg attvinnarar!

Konkurransen skal vere rettferdig, slik at talet på innsamla telys delast likt på elevane i klassen. Det er og viktig at vi ikkje tenner fleire telys fordi vi vil samle telyskoppar til konkurransen. Vi skal berre attvinne dei telysa vi bruker til vanleg.

Hugs å skilje den litle veikeplata i stål frå telyskoppen i aluminium og renslе for så mye stearin som mogleg. Dette kan gjerne gjerast heime, slik at dette ikkje tar for mye tid frå skoledagen!

Du finn meir informasjon på heimesida, [www.telysjakten.no](http://www.telysjakten.no)

**God jaktlykke til alle telysjegerar!**



I samarbeid med Grønt Punkt, Syklus og Norsk Hydro.